Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Mosterøy

Emne: Høgtidsmat ved fammefester Bygdelag: Bru

Oppskr. av: Olav Vestheim Gard: Bru

(adresse): Bru G.nr. 4 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Svara er etter hårkona Kirsten Bru 82 år gamal

SVAR

sp 1. ja.

" 2. Der har aldri vore nokon fast regel om korleis dei skulle gå til barselkona, men ofte var det 2 eller 3 nabokonen som gjekk saman.

sp 3. nei.

" 4. Det har ikkje vore nokon fast regel med omsyn til dag etter fødselen, men det var ikkje god tone å koma for snart

sp 5. ~~eingong~~.

7-8. Frå gamalt var ambar vanlegast (førings) kjeraldet, og maten var smørgraut, (lefsa) lefser, svekegraut og risengraut i seinare tider, då føringen ~~ogso~~ alltid vart boren i fat.

sp 9. Lengmat.

" 10. Kona skulle alltid gå sjølv

" 11. Var det ~~nær~~ skyldfolk, var det god gamal sed og skikk at mannen var med.

12. ~~Førings~~folket skulle alltid ha mat og det var alltid laga noko ekstra i huset til å gi dei som kom med føring, elles fekk dei smaka av føringane

8365

sp 13. Ingen brugsar noko namne på slike samkomer.

sp 15. Ja.

" 16. Den gamle skikken var i vanleg bruk heilt til for 15-20 år sidan og er ikkje endå gått heilt or bruk.

" 17. Nei

" 19. Fadrane til barnet og næraste slekta var alltid i dåps-gilde.

" 20. Barndåp

" 21. Nei

" 22. Det har ikkje vore bore føring i barnedåp

" 23. Det er vanleg at fadrane gir dåps-barnet ei gåva.

B. ~~Fødselsdag.~~

sp 24. Ikkje vanleg.

" 25. Berre med runde tal til eks 60 år 70 o.s.v.

" 26. Frå gamalt var det berre bedne gjester som kom. I den seinare tid kjem og ubedne kjenningar og venner

" 27. Gåver vert gitt av nære slektningar ellers ikkje. Ubedne gjester har gjerne føring med seg for eks: kaker blomster eller liknande

" 28. Nei

" 29. Ingen fast regel, men ein og annan gongen ser ein vert pynta kaker med ljos på

C konfirmasjon

" 30. Det var vanleg med gjester, men dei gav vanlegvis ikkje gåver.

" 31. Ja

" 32. Fadrane til konfirmanten, venner slektningar og grannar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8365

sp 33. Förning har ikkje vore brukt i konfirmasjons kostje før eller nå.

" 34. Gåven til konfirmanden er vanleg men vert berre gitt av gjestene

" 35. Nei.

D Bryllaup.

" 36-37. I eldre tider ~~brukta~~ høyrde ein ikkje festarmåls gjestebud, i nyare tid er det meir vanleg.

" 38. a) Opptil 10 måltider.

b) første dagen var kjøt av storfe steikt eller kokt, fast middagsrett, til dei andre måltidene var det (lefsa) (gomme) vaffler og anna heimelaga förningsmat. Andre dagen var fisk og risengrynsgraut fast middagsmåltid. Til fiskemåltidet høyrde også flattbrød (brede) I eldre tider vart fisken til brudlaupe fanga slik at brura skulle sjå sjøen sand å fin ut. Den skikken gjekk av bruk for over 100 år sidan. Tridje dagen var kjøkkenfolket og husmenn o l og med i festen maten var då restar frå 1ste og 2dre dags festen.

" ~~39. Brurafolket bad sjølv til brudlaups og brura reiste seg og helsa frå foreldra sine og bad inn til brudlaupe dei sanda aldri inn noko.~~

" 39. Hoslekken på förningen var etter kor gjevt folk som var bedne og det var ofte stor ära med å ha stor förning, av lefsa gomme vaffler rosinbrød

" 40. Smöret var altid dekorert men utan fast mönster. CSt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8365

sp. 41. Nei. Brurfolket bad alltid sjølv til brudlaup. Brura reiste seg og helsa frå foreldra sine, og bad folket inn til brurlauget.
" 42. Førning.
" 43. Gjestene hadde førningen med seg til brudlaups-garden, på brudlaups-dagen.
" 46. Slektningane stod for heimatt-sendinga
" 47. Fleiredagars brudlaup er ikkje gått heilt av bruk enno, men som skikk tok det slutt for ca 40 år sidan.
" 48. Ikkje vanleg.
" 49. Berre i unntantak
" 50. Nei.
" 51. Ingen fast regel

Etterskrift!

Frå gamalt var det skikk at 3 handfaste karar tok ut frå brudlaupsgarden tidleg brudlaupsmorgonen for å henta brudgommen til brudlaupsgarden. Fenda gjekk føre seg med rik salvt og skulle gjeva så mykje åtgaum som råd. I brudlaupsgarden sto brura i døra og handhelsa på brudgomen, og der etter helsa brudgommen på foreldra til brura og hennar slekt. Denne helse-skikken er framleis i bruk.

E. Gravøl.

sp. 52. Slekt og grannar. Ein mann eller kvinna gjekk rundt i bygda og bad. Bedaren bar fram ei helsing frå familien åt den avlidne og bad folket gjera vel å fylgja vedkomande til jorda. (jorar)
" 53. Her er ikkje minne etter meir enn 1 dags gravferds dag.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8365

sp 54. Ved fram-møte ~~til~~ gravferdsdagen vart det servert kringla elle sukker-kaving med heimelaga vin eller kjøpt brennevin til. Etter jordferda var det middag som regel kjøttmiddag med kaffi etterpå. Serveringa var alltid ~~ve~~ på langbord.

" 55. Nei

" 56. Nei.

" 57. Gravferda skulle gå frå heimen og noko brot på den skikken kunne vel ikkje koma på tale.

" 58. Førningen vart alltid send kvelden før gravferdsdagen.

" 59. Nei

" 60. Nei, men førnings-berarane fekk god mat når dei kom med førningane det var gjerne tenestegjenter eller born som bar fram førningen.

" 61. Nei.

" 63. Bruken av alkohol, utanom morgon måltidet kjenner ein ikkje til.

" 64. Heimebrygginga held seg lenger ved brudlaup enn ved gravferder. Førnings-skikken heldt seg enno då dei fleste som møter i gravferd har med seg kaker o.l.

" 65. Alle tilreisande gjester får mat før gravferda, alle grannar og narbuande får mat etter gravferda: smørbrød, alle slag kjøpte kaker, heimelaga kaker, gomme, og anna ~~selg~~ gjestebudkost.

" 66-67. Nei.

" 68. Ca 30 år sidan

" 69. 50-60 år sidan

Vend!

8365

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## F Nye fester

sp. 70. Nei,
" 71. Enno har ikkje morsdagen fått noko ålment tilslutnad men arbeider seg inn litt etter kvart.
72. nei. 73. nei
74. Nokon ~~sesky~~ regel med omsyn til bakverket på mors-dagen just ikkje. Men det er gjerne døtrene om slike just som steller for mora på denne dagen.
" 75. Skikken er komen frå byen, med folk som har vore der og gjenom blad til eks. „Alle Kvinner" og „Husmorbladet"

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8365